



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
26.01.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/1991 733.0
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland ved rådmann

Habiliterings- og rehabiliteringstilbod i kommunane 2016 basert på opplysningar frå IPLOS-registeret

Opptrappingsplanen for habilitering og rehabilitering 2017-2019 skal bidra til å styrke kapasitet og kvalitet i tenestene. Noko av veksten i dei frie inntektene til kommunane er grunngitt med denne opptrappingsplanen. De kan også søkje om tilskot frå tilskotsordninga fylkesmennene forvaltar. Tilskot for 2018 blir lyst ut om kort tid.

Som del av arbeidet med opptrappingsplanen skal vi følgje med og rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet om tiltak for å innfri målsettingar i planen blir sette i verk.

Frå Helsedirektoratet fekk vi den 17. januar 2018 tilsendt statistikk basert på IPLOS-registreringar frå kommunane i 2016, jf. vedlegg.

Slik det går fram av vedlegg, manglar det opplysningar frå fleire kommunar. Det kan vere at alle opplysningar ikkje er registrerte og eller at dei ikkje er sende inn til IPLOS-registeret. For nokre kommunar kan det vere at talet på pasientar var så lågt at det ikkje kunne offentleggjerast. Opplysningane skulle likevel vore sende til IPLOS-registeret.

Rett opplysning er viktig fordi dei blir brukte til å følgje med på utvikling i tenestene og som grunnlag for spørsmål om dei som treng det, får nødvendige og forsvarlege tenester.

Vi viser til vedlegget og oppmodar kommunane om å vurdere om de har rett kapasitet og kvalitet i habiliterings- og rehabiliteringstenestene og om rutinane for registrering og innsending til IPLOS-registeret er gode nok.

Målet er å få rette opplysningar frå alle kommune og sjølv sagt at dei som treng habiliterings-/rehabiliteringstenester, får det.

Vi vil svært gjerne frå tilbakemeldingar og kommentarar til statistikken. Merk svaret med vårt referansenummer, 2017/1991, og send det til vårt postmottak, fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg